



Hans Reidar Kjærland i vassverket (Foto: Ola Matti Mathisen)

Onsdag 2. mai skal Uskedal Vassverk ha årsmøte på skulen og formann Hans Reidar Kjærland håpar at fleire enn eit fåtal av dei 370 abonnentane/eigarane vil møte fram. Vassverket er avgjerande viktig for bygda. I fjor gjekk det med overskott medan det var underskott året før.

Mellom anna skal dei på årsmøtet drøfta bygging av ein lagerbygning på Eik – i nærleiken av dei noverande installasjonane ved inntaket oppe i Eikelva. Ein har trong for plass til lager, kontor og nødstraumsaggregat. Då vil ein få endeleg godkjenning av anlegget.

Men denne saka er enno i ein tidleg fase, seier formannen.

På saklista står også endring/justering av vedtektene, men det er berre ei kosmetisk endring som skal skje, seier Kjærland til uskedalen.no.

Det går fram av årsmeldinga at årsrekneskapen er oppgjort med eit overskott på 169.137 kroner mot eit underskott på 92.203 kroner året før.

Rekneskapen gjev etter styret si meining eit korrekt bilete av drifta og av stoda ved årsskiftet. Etter årsskiftet har det heller ikkje oppstått tilhøve som vil få innverknad på drifta.

Inntektene auka til 930.263 kroner i fjor mot 730.406 kroner i 2005. Driftskostnadene syner ein positiv nedgang frå 810.081 i 2005 til 742.898 i 2006. Gjelda ved årsskiftet var 1.327.280 mot 1.456.720 året før.

Vedlikeholdskostnadene i 2006 (258.724 kroner) skuldast i hovudsak den lange frostperioden i februar og mars og i tillegg er det bygt ny elvekryssing for vassleidningen til Eik og Steinsletto. Det vart skader her etter flaumen hausten 2005.

At driftskostnadene ikkje har vorte høgare skuldast ikkje minst den innsats som er lagt ned frå Terje Myklebust si side i samband med oppstart av det nye anlegget. Skulle dei ha nytta innleigd arbeidskraft ville kostnadane vorte langt høgare, blir det understreka i årsmeldinga.

Vassavgifta vart auka med 20 prosent i fjor. Då hadde det ikkje vore auke sidan 2003.

Det vart investert i nytt reinseanlegg i fjor.

I 2006 kom det sju nye abonnentar

Av Ola Matti Mathisen



Dette er inntaket til vassverket – i Eikelva. (Foto: Ola Matti Mathisen)